

UNIVERSITETET I BERGEN

## **MØTEINNKALLING**

### **Studivstyret ved Det humanistiske fakultet**

Tidspunkt: 27.08.25, kl. 12.15-14.00.

Stad: Harald Hårfagres gate 1, møterommet i 1. etasje.

Innkallinga er sendt til:

Heming Helland Gujord, Birger Solheim (IF), Aidan Conti (LLE), Christian Sæle (AHKR), Franz Knappik (vara FOF), Torfinn Huvenes (SKOK), Gry Ane Lavik (UB), Phillip Rønning Jakobsen (studentrepresentant, HSU) og NN (studentrepresentant, HSU).

Kopimottakarar: Jacob Hoffmann, Signe Nilssen, Ståle Melve, Deirdre Smith, Mari-Kristine Morberg, Julie Alver Tønsaker, Hanne Svanholm Misje, Ellen Vikersveen, Shizuka Sydnes, Helge Restad, Elisabeth Hagen Hjellbrekke, Ayla Tessem og Rebekka Nistad.

Saksliste og sakspapir er vedlagde.

Eventuelt forfall må meldast snarast til personleg varamedlem og til [rebekka.nistad@uib.no](mailto:rebekka.nistad@uib.no)

Bergen, 21.08.25.

Heming H. Gujord  
visedekan

Julie Alver Tønsaker  
studiesjef

## **SAKSLISTE:**

I Godkjenning av innkalling og saksliste

II Godkjenning av [protokoll frå møtet 04.06.25](#).

### **III Orienteringssaker**

SAK 27/25 Spurveugleprisen (munnleg orientering om fristar)

### **IV Diskusjon- og drøftingssaker**

SAK 28/25 Diskusjonsrunde om semesterstart

SAK 29/25 Studieporteføljeprojektet

SAK 30/25 Oppfølging av task force

### **V Vedtakssaker**

SAK 31/25 Studiekvalitetsmelding for Det humanistiske fakultet 2024 og vår 2025  
(ettersendast)

## **Studierstyret ved Det humanistiske fakultet**

**Møte: 27.08.2025**

---

### **SAK 28/25: Diskusjonsrunde om semesterstart hausten 2025**

---

Studierstyret tar ein diskusjonsrunde etter semesterstart hausten 2025. Kwart institutt legg fram erfaringar frå sitt mottak, og fakultetet legg fram overordna erfaringar. Studierstyret drøfter moglege justeringar i mottaket, der det er behov for det.

Heming H. Gujord  
visedekan

Julie Alver Tønsaker  
studiesjef

## **Studivstyret ved Det humanistiske fakultet**

**Møte: 27.08.2025**

---

### **SAK 29/25: Studieporteføljeprojektet**

---

Undervisningskoordinatorar oppdaterer ny visedekan for utdanning på status frå institutta. Kvar undervisningskoordinator legg fram pågåande arbeid ved sitt institutt, gjerne med fokus på kva som blir viktig framover og kva meir bistand som trengs til fagmiljøa.

Det blir sett av tid til diskusjon av framdrifta i prosjektet i møtet.

Heming H. Gujord  
visedekan

Julie Alver Tønsaker  
studiesjef

## Studierstyret ved Det humanistiske fakultet

Møte: 27.08.2025

---

### SAK 30/25: Oppfølging av task force

---

#### Dokument i saka

- [Fakultetsstyresak 63/25](#) (sjå side 14-15 for tiltaksplan)

#### Bakgrunn for saka

Task force for auka gjennomføring la fram sin rapport og forslag til tiltaksplan for fakultetsstyret i møte 20. juni 2025, som tok saka til orientering. Task force la fram ei rekke både kortsiktige og langsiktige tiltak for å auke gjennomføring.

Studierstyret står som ansvarleg for fleire av tiltaka, mellom anna:

- Vidareutvikling av oppstartssamlingar
- Obligatorisk oppmøte og obligatoriske aktivitetar
- Rolla til emneansvarleg
- Felles møtepunkt

I tillegg er det andre tiltak (mellom anna emnesider på Mitt UiB) som Studierstyret gjerne må kome med innspel til. Alle tiltak blir gått gjennom i møtet, og studierstyret bes diskutere korleis tiltaka best kan følgjast opp.

Heming H. Gujord  
visedekan

Julie Alver Tønsaker  
studiesjef

## **Studierstyret ved Det humanistiske fakultet**

**Møte: 27.08.2025**

---

### **SAK 31/25: Studiekvalitetsmelding for Det humanistiske fakultet 2024 og vår 2025**

---

#### **Dokument eller vedlegg i saka**

- Studiekvalitetsmeldinga (blir ettersendt)

#### **Bakgrunn for saka**

Studiekvalitetsmeldinga er utarbeidd på bakgrunn av studiekvalitetsmeldingar frå alle institutt og senter, samt dialogmøte med einingane i april og mai 2025. UiB reviderte sitt kvalitetssystem for utdanning i 2024, og ei viktig endring er at studiekvalitetsmeldingane no skal omhandle studieår i staden for kalenderår. HF si studiekvalitetsmelding i denne runden strekkjer seg over tre semester, vår og haustsemesteret 2024 og vårsemesteret 2025.

Følgjande tema skal omtalast i studiekvalitetsmeldinga frå fakultetet:

- Oppfølging av føregåande års studiekvalitetsmelding
- Hovudkonklusjonar frå dialogmøta
- Gjennomførte og planlagde emne- og programevalueringar
- Eventuelle endringar i fakultetet sin langsiktige plan for studieporteføljen og prioriteringar med kopling til universitetet sin strategi og utviklingsavtalen med Kunnskapsdepartementet

Utover desse punkta står fakulteta fritt til å velje kva tema som er relevant å inkludere i eigne meldingar. For studieåret 2024/2025 har desse punkta vore:

- Arbeid med Studieporteføljeprojektet
- Arbeid med gjennomføring, yrkesrelevans og kopling mellom forskning og undervisning
- Arbeid med kompetanseutvikling knytt til KI

Studiekvalitetsmeldinga for Det humanistiske fakultet 2024 og vår 2025 blir lagt fram for Studiestyret for handsaming. Meldinga skal leggest fram for fakultetsstyret i møte 9. september og sendast til Studieavdelinga innan 15. september.

Alle fakulteta sine studiekvalitetsmeldingar dannar grunnlaget for Universitetet i Bergen si studiekvalitetsmelding, som skal leggest fram for utdanningsutvalet i møte 31. oktober og Universitetsstyret 27. november.

### **Forslag til vedtak**

Studiestyret tar meldinga til orientering.

Heming H. Gujord  
visedekan

Julie Alver Tønsaker  
studiesjef